

“Bærekraft på legekantoret”

- **Kommunedirektørutvalet i RN – 01.09.23** – drøftar og tar stilling til om RNI skal delta som samarbeidspart i prosjekt «**Bærekraft på legekantoret**» i felles søknad om prosjektmidlar til Forskningsrådet.
- I samarbeid med allmenmedisinske forskarar i Bergen og Trondheim har Norsk Foreining for Allmenmedisin (NFA) starta innovasjonsprosjektet «**Bærekraft på legekantoret**». Leiast av prosjektet er Stefán Hjörleifsson spesialist i allmenmedisin, forskar ved Allmenmedisinsk forskningsenhet ved Universitetet i Bergen samt leiar for styringsgruppa i Legeforeningens kampanje «Gjør kloke valg».
- **Mål:** å motvirka medisinsk overaktivitet og ikkje-berekraftig bruk av den felles offentlege helsetenesta i Noreg.
- **Prosjektet skal:** styrkje befolkningas helsekompetanse ved å informere om korleis allmenlegar arbeidar, inkludert allmenlegane sitt ansvar med å koordinere bruken av spesialiserte undersøkingar og behandling (portvaktfunksjonen), samt informere om at overdiagnostikk og overbehandling er uheldig og potensielt skadeleg for den enkelte pasient og truar berekrafta i det offentlege helsevesenet.
- **Bakgrunn for prosjektet:** offentlege helseteneste er utfordra då ressursane ikkje brukas godt nok. Etterspørselen etter helsetenester aukar, pasientar og pårørande opplev at deira forventningar ikkje blir oppfylt, og helsearbeidarane opplev slitasje og meningstap. Allmenleganes portvaktfunksjon er kraftig svekka, og befolkninga kjenner i for liten grad til korleis allmenlegar jobbar for å gje god helsehjelp.
- Prosjektet inviterer Region Nordhordland til samarbeid pga:
 - Kommunane i NH har allereie utbreitt utviklingsmiljø
 - Regionens samansetning og størrelse – gir tett dialog med målgruppene – stor nok til å måle effekt i ulike miljø
 - Region Nordhordland Helsehus – være eit verktøy for samarbeid på tvers
 - Biosfærprosjektet - handlar om å teste ut berekraftige løysningar, formidle ny kunnskap til kommunar også utanfor regionen

Vidareføring av «KOMPIS» prosjektet

- **Kommunedirektørutvalet i RN – 01.09.23** – drøftar og tar stilling til om prosjektet skal prøvast ut gjennom to løp, samt at det vert søkt HOD om midlar til planlegging, modellering og utprøving av KOMPIS-modellen. Vidare ber ein om at kommunedirektørutvalet vurderer om ein slik søknad skal forankrast på politisk nivå i Regionrådet for Nordhordland.
- **Bakgrunn:** Behovet for psykologar i kommunane i Region Nordhordland er framleis stort. Vi har over tid sett ein sterk auke blant barn og unge med psykiske utfordringar.

Kommunalsjefgruppa og fagrådet for kommuneoverlegar er samde om at ein planlegg for å ta prosjektet vidare og prøvast ut i to løp:

1. Interkommunalt fagsamarbeid om psykologtenesta, der alle kommunane i Region Nordhordland deltar
2. Utprøving av pilot i Fensfjordkommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen

For å gjennomføre prosjektet er kommunalsjefgruppa for helse og omsorg i NH samde om at det vert utarbeidd ein «open» søknad om prosjektmidlar til planlegging, modellering og utprøving av KOMPIS-modellen, og at denne vert sendt til helse og omsorgsdepartementet (HOD) v/statssekretær.